



Uskedalen har vorte ei tryggare bygd den siste veka - med omsyn til biltrafikken no seinhaustes.

Hobbyklubben med leiar Tore Mathiesen som leiar og initiativtakar har spreidd eit stort opplag av refleksar. Refleksopplaget var faktisk så stort som 750 eksemplar og påstempla slagord var C og bli Z

Fredag og laurdag har innspurten vore og to ungdommar stasjonert i SPAR desse dagane har stått for utdeling av refleksane.

I dag har Lars Fausk frå Herøysund og Hilde Legland frå Uskedalen hatt innspurten og dei har etter hva ein forstår møtt berre blide folk.'

- Korleis har reaksjonane vore, spør uskedalen.no Lars og Hilde.
- 'Tusen takk, det trenger jeg', svarar dei to.

(Foto: Ola Matti Mathisen)